

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
079/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018
041/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	13.12.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/2531	18/16324

### Forskottering av spelemidlar og meirverdiavgift til garderobe og klubblokale Austmarka kunstgrasbane

#### Saksopplysingar: Bakgrunn

Det ligg føre søknad frå Radøy Idrettslag om forskottering av spelemidlar og mva-kompensasjon. Vedlagt søknaden er teikningar og finansieringsplan for anlegget. Idrettslaget viser til at garderobetilbodet ved kunstgrasbana i dag er på Sæbø skule, noko som ikkje er ei god løysing for brukarane av bana. Eit nytt bygg ved bana vil gje eit fullgodt anlegg som kan nyttast uavhengig av tilgang til Sæbø skule sine garderobar. Bana er mykje brukt både til trening og kampar.

Samla kostnad for anlegget er kr 5.086.004. Finansieringsplanen er slik:

Midlar frå Trond Mohn	1.853.000
Dugnad	482.000
Spelemidlar (30%)	1.500.000
Mva-kompensasjon	920.802
Eigenkapital	330.202
Sum	5.086.004

Søknad om byggjeløyve vert sendt med det første. Søknad om idrettsfunksjonell godkjenning ligg til vurdering i Radøy kommune. Søknad om spelemidlar vert sendt for 2019. Søknad om mva-kompensasjon kan sendast når bygget er ferdig.

#### Vurdering

Reglane om kompensasjon for meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg gjeld for lag og organisasjonar, og er knytt opp mot ordninga for spelemidlar. Ordninga er rammestyrt, slik at det kvart år blir tildelt midlar innafor den ramma Stortinget har løyvd. Dersom løyvinga ikkje rekk til full kompensasjon, vert tildelinga avkorta høvesvis for alle søknader. Søknader som får avkorta kompensasjon, kan ikkje søkja om å få dekka resten i seinare søknadsrundar.

Søknader om spelemidlar vert handsama av fylkeskommunen, men først når alle formalitetar kring godkjenningar m.v. er på plass. Når tilsegn om spelemidlar er gitt, kan det ta fleire år før utbetaling faktisk blir gjort.

Når bygginga kjem i gong, vil Radøy idrettslag etter kvart få ei likviditetsmessig utfordring,

som dei no søker Radøy kommune om hjelp til å møta.

Det er i utgangspunktet inga kommunal oppgåve å forskottera midlar til lokale lag og organisasjonar. Det ligg fleire risikoelement i slik forskottering, både i høve til faktisk kompensasjonsgrad for meriverdiavgift, og kva som blir godkjent anleggskostnad i høve til spelemidlar.

Men Radøy kommune har i tidlegare saker forskottert kompensasjon for meirverdiavgift både til kunstgrasbana på Bø og til bana Austmarka, der forskotteringane har blitt tilbakebetalt. Iht anlegget i Austmarka vart det rett nok ein udekket sluttsum, men dette skuldast i hovudsak uavklåra føresetnader ved oppstart av anlegget. Rådmannen vurderer såleis risikoen som fullt akseptabel.

Rådmannen rår til å forskottera spelemidlar og mva-kompensasjon Radøy idrettslag, knytt til garderobeanlegg/klubbhus ved Austmarka kunstgrasbane med inntil **kr 2.420.000**.

Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidlar seinast 31.12.2023.

Kompensasjonsbeløpet Radøy idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Radøy kommune. Radøy kommune skal også kunna halda attende spelemidlar i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir dekket fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune forskotterer spelemidlar og mva-kompensasjon til Radøy idrettslag, knytt til garderobeanlegg/klubbhus ved Austmarka kunstgrasbane med inntil **kr 2.420.000**.

Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidlar, seinast 31.12.2023. Kompensasjonsbeløpet Radøy idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Radøy kommune. Radøy kommune skal også kunna halda attende spelemidlar i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir dekket fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

#### **Formannskapet i Radøy - 079/2018**

##### **FS - handsaming:**

Leiar i Radøy idrettsråd, Bjørn Ove Myking, viste til idrettsrådet sin uttale. Han peika samtidig på at idrettsrådet i tide må få saka til handsaming, slik at idrettsrådet sin uttalerett vert overhalde. Økonomisjef Sveinung Kvamme sa at søknaden frå Radøy IL ikkje skil seg vesentleg frå andre tilsvarende søknader. Han viste til at kommunestyret har gitt både lån, garanti for lån, og forskottering av spelemidlar til tidlegare søknader.

Formannskapet vedtok rådmannen si tilråding.

##### **FS - vedtak:**

Radøy kommune forskotterer spelemidlar og mva-kompensasjon til Radøy idrettslag, knytt til garderobeanlegg/klubbhus ved Austmarka kunstgrasbane med inntil **kr 2.420.000**.

Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidlar, seinast 31.12.2023. Kompensasjonsbeløpet Radøy idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Radøy kommune. Radøy kommune skal også kunna halda attende spelemidlar i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir

dekka fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

### **Kommunestyret i Radøy - 041/2018**

#### **KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

#### **KS - vedtak:**

Radøy kommune forskotterer spelemidlar og mva-kompensasjon til Radøy idrettslag, knytt til garderobeanlegg/klubbhus ved Austmarka kunstgrasbane med inntil **kr 2.420.000**.

Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidlar, seinast 31.12.2023. Kompensasjonsbeløpet Radøy idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Radøy kommune. Radøy kommune skal også kunna halda attende spelemidlar i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir dekkja fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

#### **Vedlegg:**

RIL - søknad om forskottering av mva og spelemidlar til gardero\_beklubblokale

SITUASJONSPLAN Garderobe (L)(197360)

GARDEROBEANLEGG PLAN SNITT FASADER (L)(197361)

RIL - rekneskapsskjema\_n\_2016 AUSTMARKA (007) (L)(197365)

Radøy Idrettsråd - uttale Radøy IL